

Friteke for eigedomsskatten

26.02.2011

Fleire eigedomar og bygningar i Uskedalen er friteke for eigedomsskatt i tråd med vedtaket som kommunestyret gjorde før jul.

Dei som kan fritakast er bygningar av historisk verdi og eigedomar som er eigde av stiftingar eller institusjonar som blir drivne med samfunnsnyttig føremål. og gagnar ein kommune, eit fylke eller staten.

Difor er Kapteinsgården, Uskedalen Utvikling, vassverket, ungdomslaget, aktivitetshuset, indremisjonen og friluftslaget blant dei som er friteke, noko dei no har fått melding om.

Fritaket gjeld for 2010 og 2011.